

Leder Etter Nordic Edge

Litt smartere Stavanger

Smartbykonferansen Nordic Edge vokser i forsiktig og fornuftig tempo. Den viste også at regionen har smartby-potensial.

På ett år økte antall deltakere fra 500 til 2100, utstillingen ble større og bedre, men får fortsatt plass i én hall på utstillingsområdet på Tjensvoll. På kort tid er konferansen blitt ansiktet til Stavangers smartby-ambisjoner, men det skal mer til enn noen flotte oppfinnelser før vi er der.

Ambisjonene er ikke små. Kommunen bruker både ord og penger på å bli landets første og beste smartby og på at Nordic Edge skal bli en konferanse å regne med.

Begge deler er mulig, men det viktige er likevel at resultatet blir mer enn noen kule, førerløse busser. Det holder heller ikke å finne opp noen følere som gjør hjemmene våre smarte og mer komfortable. Poenget er at vi både må ha et klima for å utnytte denne teknologien og at det er et rammeverk rundt.

Strukturen rundt smartby-tankegangen og Nordic Edge er en god begynnelse. Næringslivet og politikerne går sammen om initiativer for å gi regionen andre bein å stå på enn petroleumsvirksomheten.

Det handler også om bymiljø og liv og røre.

Derfor er det blitt lettere å være gründer her i distriktet. Fra å bli sett på som litt underlige Petter Smart-typer, blir de nå sett på som personer som både skal ta oss inn i teknologiframtiden og gjennom det grønne skiftet.

Alle vet at det ikke fins én enkel løsning på hvem som skal «ta over» for oljevirksomheten. Vi må være sjeleglade for at oljen vil være både en teknologisk og økonomisk motor for oss i flere tiår framover. Likevel er det samspillet mellom det gamle og det nye som gjør at regionen har forutsetninger for å få dette til. Dette var også den tydelige undertonen da Nordic Edge's storesøster ONS hadde sin happening i ti haller på Tjensvoll i august.

I en smartby handler det om pumper og ventiler, sensorer, velferdsteknologi og såkalt delingsøkonomi. Men det handler også om bymiljø, luftkvalitet og liv og røre i alle kroker og kroker. Akkurat nå tømmes store og til dels nye kontorlokaler for arbeidskraft både i sentrum og i forstedene.

Det er ikke smart å evakuere disse tusenvis av kvadratmeter, samtidig som eiendomsutviklere fortsatt planlegger nye, høye og lave bygg over en lav sko. Vi trenger heller ikke flere hippe bydeler eller golde industriområder, men heller områder som smelter disse kulturene sammen. Det vil utvikle skapertrangen og gjøre stavergerregionen smartere.



PITTER

Norge tapte mot Aserbajdsjan i helgen. Benny.

Samfunnsdebatt og politikk

Fri forskning på vikande front

Demokratiet avheng kritisk av at media kikker makta i korta.



Klaus Mohn
Professor ved
Handelshøgskolen
UIS og NHH

Mange har fått med seg at mediebiletet endrar seg raskt for tida. Men fortsatt er det for få som interesserer seg for kva desse endringane inneber for debattkultur, politikk og demokratiutvikling. Med fortsatt utarming av nyheitsjournalistikken er det lett å sjå for seg ei utvikling der media blir reduserte til viljesvake mikrofonstativ. Dermed blir nyheitsarenaen ei slagmark for ressurssterke særinteresser, der spektiv, vinkling og innretting ikkje lenger er eit val frå uavhengige redaksjonar, men eit direkte resultat av partane sin kamp om merksemd.

Høge stemmar

På den moderne mediearenaen er det den sterkaste sin rett som gjeld. Fakta og sanning blir bøygde og tøygd for å tene viljestyrte mål for skråsikre interessegrupper. Men i realiteten er det ofte slik at jo meir kunnskap ein opparbeider seg om eit felt, desto mindre sikker blir ein i konklusjonane. Få har vel oppsummert dette betre enn den britiske filosofen og forskaren Bertrand Russell: «The whole problem with the world is that fools and fanatics are always

Stundom kan det og sjå ut som om ekstreme synspunkt gjerne får meir spalteplass og merksemd enn dei strengt tatt fortener.

so certain of themselves, and wise people so full of doubts».

Desto meir urovekkande er det at kunnskap basert på fakta og forskning stadig oftare må vike for høge stemmer, sterke kjensler og flyktige stemningar. Folkerøystinga om Storbritannia sitt medlemskap i EU illustrerte at slike faktorar har gjort politiske prosessar mindre føreseielege enn før. Av same grunn er det no få som kjenner seg trygge på at Donald Trump ikkje vil vinne presidentvalet i USA.

Forskning på vikande front

Til og med i Noreg ser ein at den frie forskinga er på vikande front i samfunnsdebatt og politikk. Stadig fleire akademiske aktivitetar er underlagt næringslivssamarbeid, brukarstyring og agenda-basert finansiering. Sentrale politikarar har heller ikkje gått

av vegen for å rette spit og spark mot forskingsmiljø som stiller seg i vegen for politiske ambisjonar og planar, til dømes for havbruk, energi- og klimapolitikk.

Stundom kan det og sjå ut som om ekstreme synspunkt gjerne får meir spalteplass og merksemd enn dei strengt tatt fortener, ikkje berre som ei resultat av jaget på sensasjonar, men og fordi journalistar har ei innebygd vegring mot ubalanse i nyheitsdekninga. Eit ferskt forskingsarbeid frå den amerikanske økonomen Jesse Shapiro argumenterer for at denne aversjonen mot alle former for slagside kan gi opphav til urimeleg stort gjennomslag for marginale interesser i mediebiletet, med potensial for vidare innverknad på politikk-utforminga.

Påverknad og politikk

Med den seinaste utviklinga i nyheitsjournalistikk og debattkultur kan ein ikkje lenger være trygg på at pressedekninga reflekterer breie og balanserte samfunnsinteresser. I dag kan ein ane konturane av eit mediebiletet der det betyr stadig mindre å ha rett. Det som gjeld i dag er å få rett. Debatten rundt prioriteringane i Statsbudsjettet 2017 gir gode eksempel. Media er full av pressgrupper som kappast om å utvikle og formidle historiar til støtte for eit bestemt bilete av verda, eit spesifikt syn på røynda og ei tenleg haldning til saker i eige interessefelt.

Om slike strategiar vinn fram i nyheitsdekning og offentleg debatt, så ligg vegen open for påverknad av politikarane. Her finn me ei viktig forklaring på korfor så store ressursar blir lagt ned i utforming og plassering av budskap. Dei som er i tvil om verdipotensialet i «story-telling», kan ta ein kikk på framveksten av kommunikasjonsbransjen dei siste 10-15 åra.

Jens Stoltenberg er blant dei som let seg frustrere

over denne utviklinga. I den nye boka si argumenterer han for at ein allianse mellom LO, NHO og miljøørsla har fått gjennomslag for tiltak i miljø- og klimapolitikken som favoriserer deira egne interesser. Problemet med ein slik prosess for politikk-utforming er ikkje berre at politikken blir lite treffsikker, men at gevinstane altfor ofte blir hausta av dei få med høge stemmar og store ressursar, medan kostnader og ulemper gjerne blir skyvd over på fellesskapen.

Desto viktigare blir det at me kan halde oss med ei presse som kan bruke tid og krefter på djupdykk og faktasjekk, spesielt når mykje står på spel. Døme frå dei siste vekene er Aftenposten si undersøking rundt påstandar frå Regjeringa og oljebransjen om at norsk gass er ein del av løysinga på klima-krisa, samt NRK si utgreiing rundt CO₂-utslepp frå olje- og gassverksemda i Noreg og andre stader i verda.

Tilsvarende ressursar burde vore brukt for å undersøkje påstandar og argumentasjon frå miljøorganisasjonane, som til dømes når sterke interesser for utvikling, miljø og klima samlar seg bak tilrådingar om at Oljefondet bør investere i fornybar infrastruktur i utviklingsland.

Demokratiet veks på debatt

Samfunnet er tent med at makta blir kikka i korta, spesielt når ressurssterke særinteresser ruller ut dei store kanonane. Alle burde difor slutte opp om ein debattkultur som dyrkar kritiske spørsmål til faktabruk og retorikk frå dei mest ressurssterke gruppene i samfunnet.

Ei balansert og godt opplyst meiningsbryting er nemleg avgjerande for tilliten til politikarane, for legitimiteten i dei politiske avgjerdene og dermed og for bærekrafta i det demokratiske systemet.



«Jens Stoltenberg er blant dei som let seg frustrere over utviklinga. I den nye boka si argumenterer han for at ein allianse mellom LO, NHO og miljøørsla har fått gjennomslag for tiltak i miljø- og klimapolitikken som favoriserer deira egne interesser,» skriv Klaus Mohn. FOTO: SCANPIX

Drøset

Søvnen

Han sov ikkje så godt lenger. Då han var ein langt yngre mann, kunne han sova i det uendelege. Skulle det bli litt seint ei natt, kunne han sidan sova lenge. Skulle ei natt bli kort, kom det alltid ei lang.

Slik var det ikkje lenger. Han visste ikkje om det var alderen, tankane eller ungane som hadde teke søvnen, som gjorde at det kunne vera vanskeleg å sovna, vanskeleg å ikkje vakna igjen midt på natta. Men sånn hadde det blitt.

Denne natta hadde han kome seg i seng altfor seint. Siste gong han såg på klokka, lyste tala på 00:28.

Han vakna igjen rundt klokka 03. Med åra hadde han blitt ganske god på å liggja vaken. Han stressa seg ikkje så veldig opp lenger, hadde innsett at det i alle fall ikkje blei lettare å sovna om han bekymra seg for kvart

minutt han var vaken. Erfaring hadde lært han at han kunne fungera overraskende godt sjølv utan å ha sove dei sju timane han drømde om, og som samfunnet insisterte på at han måtte ha.

Han blei liggjande og lytta på konas tunge, jamne pust. Han prøvde å ikkje tenkja på det han tenkte på. Snudde seg. Kona grynta. Han måtte ikkje snu seg. Der var det han ikkje burde tenkja på tilbake.

Han prøvde å gå gjennom alle sju versa på «Tangled up in Blue». Tenkte på det han ikkje burde tenkja på. Prøvde ein ny song.

Eit par gonger sovna han nesten. Begge gongene snudde kona seg, eller så kom det så rare lydar frå henne at han vakna til igjen.

«Early one mornin' the sun was shinin'. I was lvin' in bed». Han kunne kvar ei strofe, kvart eitt ord.

Rundt klokka 05 måtte han kjempa mot desperasjonen. Han rekna på kor få timar søvn han ville få om han ikkje sovna snart. Vekkarklokka stod på 07.

Siste gong han sjekka, lyste tala på klokka på 06.13. Ein gong etter det må han ha sovna. Endeleg.

Kneet hennar trefte han i låret. Første gong tenkte han det var eit uhell. Han klamra seg til den etterlengta søvnen. Så kom kneet igjen, følgt opp av ei høg, insisterande kviskring over lyden av ein lastebil og dunderande spann der ute:

«Sette du ut bosspanna i går kveld?»

Klokka var 06.38.

Han prøvde å ikkje tenkja på det han tenkte på.

